



VURDERING AV SKULESTRUKTUREN I GISKE KOMMUNE

31.01.2010

Medlemmer i arbeidsgruppa:

Roar Dyb-Sandnes (leiar)

Ann Christin Kalvø Giske

Lars-Ståle Giskeødegård

Runa Godø Sæther

Linda Austnes

Karl Johan Roald

Thoril Presterud Roald

Sindre Røsvik (sekretær)

Innholdsliste

1. Mandat og arbeid i gruppa.....	3
2. Dagens romsituasjon og elevtal ved kvar skule.....	3
<u>Vigra skule</u>	4
<u>Skjong barneskule</u>	5
<u>Valderøy barneskule</u>	6
<u>Valderøy ungdomsskule</u>	6
<u>Giske barne- og ungdomsskule</u>	7
<u>Alnes skule</u>	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
<u>Godøy skule</u>	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. Befolkningsutvikling	8
4. Vurdering av framtidig arealbehov ved kvar skule.....	10
<u>Vigra skule</u>	11
<u>Valderøy barneskule</u>	11
<u>Skjong barneskule</u>	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
<u>Valderøy ungdomsskule</u>	11
<u>Giske barne- og ungdomsskule</u>	12
<u>Alnes skule</u>	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
<u>Godøy skule</u>	12
5. Alternativ modellar for løysing av areal og rombehov i kommunen	12
5.1 To ungdomsskular	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.2 Ein ungdomsskule.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.2.1 Bygge ein ny ungdomsskule ...	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.2.2 Bygge eit tilbygg til ungdomsskulen	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.2.3 Ta i bruk delar av tidlegare Giske vidaregåande skule	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.3 Alternative modellar for barnesteget på Valderøy.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.
6. Oppsummering - svar på mandatet....	Feil! Bokmerke er ikke definert.Feil! Bokmerke er ikke definert.

1. Mandat og arbeid i gruppa

I kommunestyresak 56/09 økonomiplan 2010 – 2013 vart det gjort følgjande vedtak:

”Komité for oppvekst vert pålagt å utarbeide ei grundig vurdering av skulestrukturen i kommunen. Tilråding med grunngjeving vert lagt fram for kommunestyret.”

I k-sak 76/09 vart det vedteke at komité for oppvekst skal vere arbeidsgruppe og mandatet fekk slik presisering:

”Strukturen på grunnskulen i Giske kommune skal vurderast i høve til talet på einingar og innhaldet i desse (fordeling på klassesteg, opptaksområde m. v.). Føremålet må vere å finne den best moglege organiseringa av undervisningstilbodet i grunnskulen. Saka skal leggest fram for kommunestyret - frist januar 2010.”

Gruppa har hatt fleire møter og starta med å drøfte korleis arbeidet skulle leggest opp slik at ein best mogleg fekk løyst oppgåva innan kort den korte tida som er til rådvelde. Medlemene fekk tilsendt dei to siste rapportane som har vore utarbeidde når det gjaldt skulestrukturen, ein frå 2003 og utbygging av barneskulane på Valderøya i 2007. Ein konkluderte med at rapporten frå 2003 kunne oppdaterast slik at denne vart basis for gruppa sitt arbeid. Administrasjonen vart beden om å oppdatere dei faglege data for dagens situasjon, folketalsutvikling og framtidig behov for kvar skule. Arbeidsgruppa ville så legge mest arbeid i skulestruktur alternativ (del 5 i rapporten). Rapporten frå 2007 er så fersk og at gruppa legg den til grunn for barnesteget på Valderøya, utan at alternative modellar må vurderast på ny.

Det vart understreka at økonomi er viktig, men også andre sider må vurderast. For gruppa ligg det fast at kvar øy skal ha sin barneskule (1-7). Når det gjeld ungdomsskule må fleire alternativ vurderast. For dei ulike alternativa må ein vurdere faglege og økonomiske sider, ikkje minst investeringsbehov.

Dersom kommunestyret vedtek endringar i skulestrukturen må dette ut på høyring i rådsorgana i skulane før endeleg behandling. Skulestrukturen er fastsett i form av ei kommunal forskrift.

2. Dagens romsituasjon og elevtal ved kvar skule

Skulane, ved rektor, vart bedne om å gi ei kort vurdering av situasjon og framtidige behov ved sin skule. Teksten for kvar skule bygg i det vesentlege på rektorane sine innspel. Barneskulane vurderer status ut frå kjende problem og utfordringar når det gjeld areal og endra behov. Ungdomsskulane må også ha ei vurdering av alternativ til dagens struktur, ein ungdomsskule. For ein heilt ny skule kan ein legge til grunn erfaringstal for prisen på ein 4-parallellarskule. Ein skule av denne størrelsen krev dobbel gymnastikksal (eventuelt idrettshall) og vil kome på ca kr 170 – 200 millionar (utan infrastruktur, vegar etc.) – basert på erfaringstal frå Trondheim (enkelt estimat: omskalering av prisen på ein 6-parallellarskule).

Når det gjeld Valderøy har ein kome godt i gang med planlegginga av ein ny barneskule etter fleire personalsamlingar, studieturar og konferansar om skulebygg. Det er arbeidd med pedagogisk plattform i felles personalmøte, der det også er arbeidd med funksjonsprogrammet for den nye skulen, dette er lagt fram for og godkjent av kommunestyret.

Plangruppe for den nye skulen er sett saman av byggekomiteen, medlemar frå komité for oppvekst, FAU ved dei to skulane, rektorane, hovudtillitsvalde frå utdanningsforbundet og kommuneleiinga er med. Også denne arbeidsgruppa har delteke i skulebyggkonferanse og sett på ein del nye skulebygg. I kommuneplanen er det sett av areal til skulen og ein reguleringsarkitekt har sett på ulike alternativ til plassering i dette området. Prosessen med regulering og grunnkjøp vart starta i slutten av 2009.

Alle skulane må vurdere eigen kapasiteten med tanke på endringar eller eventuelle utbyggingsbehov i perioden. Rektorane har skrive eit kort notat om situasjon og behov for eigen skule. Det kan ikkje trekkjast enkle og eintydige konklusjonar. Ein ting er kor mange elevar og klasser det er plass til ved den enkelte skulen, noko anna er å ha som mål å gi elevane eit optimalt læringsmiljø med tanke på areal og romløyisingar.

Etter endring i opplæringslova er reglane om klassesdeling tatt bort men i planleggingssamanheng kan ein basere seg på tidlegare reglar med 28 elevar pr klasse på barnesteget og 30 på ungdomsteget. Fådelte skular hadde andre delingsgrenser fordi det er fleire årskull i same klasse, og med to årskull i same klasse er delingstalet 24. Målet med lovendringa var å få meir fleksible organiseringsformer, ut frå pedagogiske grunnar.

Elevtalet er oppdatert pr dato, med registrerte fødsjar og inn-/utflytting (barn) slik det er registrert i skulane og på helsestasjonen. Siste åra har det vore registrert om lag 25 barn som har flytta frå kommunen og vel 60 barn har flytta inn (0-16 år). Om flyttestraumen held seg slik er vanskeleg å vurdere, men må seiast å vere i overkant av realistiske prognoser.

Barneskulane har også SFO tilbud som brukar areala etter vanleg skuletid. På ettermiddags- og kveldstid blir dei fleste skulane brukt til ulike kulturtilbod som kor, korps, kurs og ungdomsklubb.

VIGRA (opptaksområde 1)

Vigra skule

Vigra skule er oppført i tre byggesteg, 1957, 1964 og 1991. Fram til 1971 var dette ein 1-9 skule med opp i 12-13 klasser. Skulen hadde ein til to parallellar, dvs at det svinga rundt 30 elevar. Elevtalet gjekk ned på 80-90-talet men har auka igjen dei siste fem åra slik at skulen no på fleire årsteg har to parallellar. For åra framover ser elevtalet ut for å stabilisere seg på om lag 190. Arbeidsgruppa i 2003 vurderte det slik at skulen hadde kapasitet til forventa auke i elevtal dei komande 10 åra dvs fram til 2013. Rektor reknar med at elevtalet vil auke til 220 i 2012. Dette verkar noko høgt ut frå fødselstalet på øya, sjølv med innflytting.

Skulen er i dag avhengig av å nytte vaktmeisterbustaden til undervising (leseverkstad) og har to midlertidige brakker til særlege føremål. Vaktmeisterbustaden er ikkje i god stand og bør for framtida erstattast av eit nybygg, eventuelt til administrasjon: kontor, personal- og konferanserom. Det er mangel på grupperom og spesialrom til musikk og naturfag.

Det er sett av midlar til 3 millionar kroner til rehabilitering ved skulen - tak, toalett og dusjanlegg må ha prioritet.

Oversyn over elevtal i åra som kjem:

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	188	189	195	183	190	179	184
Klassetal:	10	10	11	10	10	9	10

Skulen har eit par årskull med elevtal omkring grensa for klassesdeling som var 28 elevar på barnesteget. 3-4 årskull er delte.

Fødselstal pr år:

ÅR	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Vigra	25	21	14	30	31	30	24	31	20	30	25	28	31	30	19	27	19	30
Klasser	1	1	1	2	2	2	1	2	1	2	1	1	2	2	1	1	1	2

VALDERØY (opptaksområde 2)

Valderøy har 3 skular: Valderøy ungdomsskule for Valderøy og Vigra, Skjong barneskule (1-4 for området Ytterland til vegen ved Rådhuset) og Valderøy barneskule (1-4 for området aust og nord for vegen ved rådhuset, pluss 5-7 for heile øya).

Valderøy har hatt ei jamt aukande tilflytting og dei siste åra har dette gitt utslag i høgre elevtal. Dette synest å vere ein trend å rekne med i åra som kjem. Elevtalet var likevel høgare på 80-talet enn på 90-talet. Det samla elevtalet for barneskulane i perioden er stabilt på om lag 50, men varierer frå 39 til 64. Det er ein svak auke, men klassetalet vil ligge på 2 parallellar med 3 eit og anna år. Ein kan merke seg at det blir færre klasser med ein skule enn med to, og dette gir ei innsparing.

Elevtalet er høgast på nordsida av øya slik at der er ei skeivfordeling mellom skulane i dag, sjølv om grensa går ved skulegjerdet til Valderøy barneskule. Kapasiteten for barnesteget er sprengt for begge skulane og ny skule er under planlegging. Elevtalet nedanfor er per dato og om trenden frå siste åra held fram må ein rekne med at elevtalet blir liggande på om lag 400 når den nye skulen står klar. Tala nedanfor er basert på elevar/barn som bur i opptaksområdet.

Oversyn over elevtal i åra som kjem for den nye skulen:

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:					373	351	350
Klassetal:					15	16	15

Fødselstal pr år:

ÅR:	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Valderøy:	52	53	46	54	55	59	48	71	53	59	53	59	47	54	50	51	37	52
Klassetal:	2	2	2	2	2	3	2	3	2	3	2	3	2	2	2	2	2	2

* delingstal var 29, 59

Skjong barneskule

Rektor gav innspel om status ved skulen: Skulen har 97 elevar fordelt på 7 basisgrupper (tilsvarar 4 med 24 i kvar klasse). I tillegg er det for tida sett av eit rom til ei gruppe framandspråkeleg elevar. Ved fulle klasser har skulen kapasitet til 120 elevar med bruk av ei brakke med to klasserom og gruppe-/konferanserom. Så mange elevar vil gi store ulemper når det gjeld gardarbar. Skulen kan ikkje ta imot fleire klasser og har ikkje spesialrom for 1-7 skule.

Oversyn over elevtal i åra som kjem. NB! Elevfordelinga blir først gjort ved skulestart, dette er stipulert fordeling mellom Skjong og Valderøy:

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	97	90	87	91	85	85	83
Klassetal:	4	4	4	4	4	4	4

Fødselstal* pr år:

ÅR:	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Skjong:	25	22	19	19	23	22	20	28	24	27	19	27	17	24	23	21	17	22
Klassetal:	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1

*Korrigert med innflytting/registrert elevtal pr 1.10.09. Fordelinga mellom skulane er stipulert for dei som ikkje har begynt på skule

Valderøy barneskule

Skulen har to bygningar, ei frå 1909, ei frå 1959 og administrasjonsavdeling frå 1997. 1959-bygget er nedslite med eit sentralvarmeanlegg som står for utskifting. Ventilasjonsanlegg og elevtoalett er stort sett renoverte. Det er nytt toalett og garderobebygg til 1909-bygget. Skulen sin kapasitet er sprengd med mellom 70 – 80 elevar. Dei 305 elevane er pr dato organisert i 14 klassar. To klassar er på 29 elevar og ein klasse på 30 elevar. Etter delingstala i tidlegare opplæringslov ville skulen hatt 16 klasser. Skulen har 15 klasserom. Dei to store 7. klassane (29 + 30) har det 15. rommet til delingsrom. Det er og brukt av andre når der er ledig. Det er stor mangel på grupperom. Lærarkontora har 1 – 3 personar meir enn dei var dimensjonerte for.

Som det går fram av tabellen nedanfor har elevtalet dei siste åra vore jamt stigande.

Komande skuleår, 2010/11, soknar 34 av 51 førsteklasingar til Valderøy barneskule og 17 til Skjong barneskule. Det blir såleis tre førsteklasingar på øya, 17 i kvar. Med berre ein barneskule hadde det blitt to klassar med 25 – 26 i kvar. Det kjem 24 femteklasingar hit frå Skjong, slik at elevtalet skuleåret 2010/2011 pr dato ser ut til å bli 304. Desse elevane blir fordelt på **15 klassar**, ei klasse meir enn no. Utan innflytting går elevtalet ned i 13 (14) klasser dei neste åra.

Oversyn over elevtal i åra som kjem:

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	305	300	309	284	288	266	267
Klassetal:	16	15	16	13	14	13	13

* 3-4 klasser ligg nær delingsgrensa som var på 28.

Fødselstal pr år:

ÅR:	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Valderøy b:	27	31	27	35	32	37	28	43	29	32	34	32	30	30	27	30	20	30
Klassetal:	1	2	1	2	2	2	1	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2

Valderøy ungdomsskule

Skulen vart bygd 1971. Ved renoveringa, som var ferdig 2007, vart arealet utvida og nytt ventilasjonsanlegg installert. Austre del av bygget med gymnastikksal og kjøkken var ikkje omfatta av renoveringa. Skulekjøkkenet er 20 år gammalt og treng oppgradering. Gymnastikksalen og gangarealet skriv seg frå skulen var ny i 1971 og treng eit løft.

Etter renoveringa vart skulen organisert i tre klassetrinnsareal, med arbeidsrom og møterom for lærarar lokalisert til kvart areal. Ein har no tenlege undervisningslokale for ein skule med tre klasser pr trinn. Enkelte arbeidsrom for lærarar opplever ein allreie som tronge. Dette kjem av at vi har fleire lærarar med reduserte stillingar, og har dermed behov for fleire arbeidsplassar. Største svakheita med dagens skule er for lite fellesareal. Det gjeld både vrimleareal og kantine. Det er trengt når alle elevane har pause samtidig. Auken i årets elevtal og ny auke til neste år gjer dette svært tydeleg.

Når ein ser på elevtalet ned til første trinn, så ser ein at elevane frå Valderøy og Vigra vil halde seg innanfor maks grensa på 90 elevar (3 x 30) alle år bortsett frå skulestart 2012 då

vi har over 100 nye 8.klassingar. Elevkulla som skal starte i periode 2014 – 2016 har 87 – 89 elevar pr kull. Det skal altså ikkje mykje til for at klassegrensene vert sprengde. Dersom dagens ungdomskule blir utvida til 4 klassar pr trinn så vil ein kunne ta unna det samla elevtalet i kommunen, men det skal ikkje store auken til for at dette også vert knapt.

Oversyn over elevtal i åra som kjem:

Skuleår:	02-03	03-04	04-05	05-06	06-07	07-08	08-09	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16
Elevtal:	212	215	220	209	219	202	210	230	259	224	239	226	236	220
Klasser:	9	9	9	9	9	8	8	8	9	9	10	10	10	9

Dagens ungdomsskule (Vigra og Valderøy) - Fødselstal pr år:

År	85	86	87	88	89	90	91	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02
Vigra	25	23	15	23	25	18	22	25	19	14	28	28	31	22	28	22	23	25
Valderøy b	36	22	26	25	33	27	28	23	33	26	31	26	35	22	38	25	27	27
Skjong	24	17	22	21	22	21	24	21	24	17	18	23	18	19	26	24	23	24
Valderøy u.	85	62	63	69	80	66	84	69	76	57	67	77	84	63	92	71	73	76
Klassetal	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2	3	3	3	3	4	3	3	3

Delingstalet var 30 i ungdomssteget, dvs. det blir deling på 31, 61, 91 og 121 elevar.

GISKE (opptaksområde 3)

Giske skule

Giske skule er ein fådelt 1- 7 skule med 4 klasser på barnesteget. Standarden på bygga varierer men skulen er under renovering. 1904 bygget er ikkje tilpassa funksjonshemma og ein må på sikt rekne med kostnader til omlegging av tak, skifte av vindaug m.m. Klasseromma varierer i storleik men dei fleste er 54 kvadratmeter. Biblioteket, naturfag/heimkunnskap og sløyd og tekstilromma er større, 65/80 kvadratmeter. Skulen har kapasitet til fleire elevar. Bassenget blir drive på dispensasjon, og ein vurderer det slik at det ikkje er aktuelt med større renoveringstiltak. Det kan vere aktuelt å stenge bassenget og gjere det om til undervisningsrom.

Elevtalet har vore relativt stabilt men ein må rekne med auke i åra som kjem, på grunn av innflytting.

Oversyn over elevtal i åra som kjem:

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	103	100	100	96	91	90	93
Klassetal:	6	6	6	6	6	6	6

* Gjeldande klassesdelingstal med 2 årskull i same klasse var 24.

Fødselstal pr år:

ÅR:	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Giske:	5	4	12	9	13	15	6	6	10	8	14	10	9	9	12	7	5	10
Klassetal:	1		1		1		1		1		1		1		1		1	

GODØY (opptaksområde 4)

Avdeling Alnes

I 2000 tok skulen i bruk eit tilbygg til 57-bygget med to klasserom, grupperom, sanitæranlegg og garderobar. 57-bygget inneheld to klasserom, tre grupperom og bibliotek. Arbeidsrom for dei tilsette stettar ikkje gjeldande krav til areal og ventilasjon, men tilhøva kan utbetrast ved ein mindre ombygging. I nybygget er det gjort klart til å setje inn ventilasjonsanlegg i 57 -bygget, men ny kunnskap gjer det truleg mogeleg å betre luftkvaliteten ved å innføre rimelegare hybride løysingar. Tak og vestvegg er nyleg renoverte og el-tavla vart skifta i 2001.

Avdeling Godøy

76-bygget vart påbygt i 2008 med personalavdeling og kontor for administrasjonen. På same tid vart det installert ventilasjonsanlegg og vassboren varme. Bygget inneheld tre klasserom, naturfagrom og fire grupperom som og vart renoverte. Symjehallen og garderobane treng vedlikehaldstiltak. Personalavdeling inneheld 14 arbeidsplassar og tre kontor for administrasjonen. Skulen leiger Godøy idrettshall til kroppsøving for alle klasser. Dersom skulen har klasser over 30 elevar har ein og høve til å leige undervisningsareal i idrettshallen.

Det andre bygget ved skulen er frå 1967. Renovering av dette arealet skal starte opp i januar 2010, der ein m.a. skal ta i bruk hybride løysingar for ventilasjon. Dette bygget har fire klasserom, to rom til kunst og handverk, skulekjøken, bibliotek og eit grupperom. Godøy skule med avdeling Alnes har kapasitet og areal til ti klasser.

Dei siste åra har fødselstala gått nedover, men øya har dei siste åra fått tilgang på tomter og ein reknar med auke i elevtalet. Ein må planleggje ut frå at fødselstalet tek seg opp att til om lag 20 i gjennomsnitt.

Oversyn over elevtal i åra som kjem, Alnes:

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
elevtal:	58	52	42	36	46	50	59
klassetal:	3	3	2	2	3	3	4

* Gjeldande klassesdelingstal med 2 årskull i same klasse, er 24.

Oversyn over elevtal i åra som kjem, Godøy (med ustegselevar frå Giske):

Skuleår:	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
elevtal:	118	125	123	124	113	106	105
klassetal:	5	5	6	6	5	5	5

* Ei klasse på ungdomssteget har 29 elevar (delingstal 30)

Fødselstal:

ÅR:	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Godøy/Alnes:	21	14	12	19	12	18	12	11	16	20	10	12	10	10	6	20	14	19
klassetal:	1	1	1	1	1	1	1		1	1	1	1		1		1	1	1

3. Befolkningsutvikling

I fylgje Statistisk Sentralbyrå (SSB) har folkemengda i kommunen auka slik dei siste 27 åra:

1984	1985	1986	1987	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996
6132	6125	6150	6161	6175	6246	6253	6203	6240	6169	6177	6193	6183

1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
6198	6271	6337	6344	6395	6439	6495	6578	6591	6630	6647	6777	6873	7007

* folketal pr 1. januar

Frå 1964 voks folketalet ganske jamt kvart år fram til 1984, med 74,4 i gjennomsnittleg årleg tilvekst. I 1985 gjekk folketalet for første gong ned i høve året før og i 1994 var folketalet berre 45 meir enn i 1984, dvs. ein gjennomsnittleg tilvekst på 4,5, men frå 1997 auka tal på innbyggjarar igjen slik at tilveksten kom opp i 48 pr år i snitt fram til 2002. Frå 2003 til 2008 var gjennomsnittleg vekst 56,4 medan vi dei to siste åra har hatt 96 og 142 (korrigert ved årsslutt).

Veksten i folketal er avhengig av at kommunen har fødselsoverskot (fleire fødte enn døde) og/eller nettotilflytting (fleire som flyttar inn enn ut). Fødselsoverskotet har variert med 23 – 60 dei siste 10 åra, medan det på 60-70-talet var 32 – 79. Nettotilflyttinga var på topp på 70-talet medan vi på 80- og 90-talet hadde netto fråflytting. Dei siste to åra har aldersgruppa 0-16 år hatt ca 25 barn mellom dei utflytta og ca 65 inn, dvs eit flytteoverskot på ca 40.

For å få fram ein utviklingstrend er det i tabellen nedanfor rekna ut gjennomsnittleg elevtal i førskulen, på barnesteget og på ungdomssteget (til 2008 med siste offisielle tal). Ein har summert dei første 6 åra (førskulealder) dividert på 6, barnesteget dividert på 7, og dei tre ungdomsskuleåra dividert på 3:

	Vigra	Valderøy	Giske	Godøy
0-5 år	25,67	49,67	10,50	12,00
6-12 år	27,29	56,86	10,71	14,14
13-15 år	21,67	51,00	10,67	15,00

Tala viser at elevtalet er veksande på Vigra og Valderøy. På Giske har det og auka siste åra men er relativt stabilt i perioden. Godøy har hatt ein kraftig reduksjon i elevtalet. Dette er tal pr 1. januar 2008, men desse vil endre seg ved innflytting.

Det har vore bygd mykje dei siste åra, også rekkjehus med tettare utnytting av tomtene enn for tradisjonelle einebustader. Folketalet i kommunen har auka jamt dei siste 10-åra, men elevtalet svingar meir i takt med storleiken på årgangane av foreldregenerasjonen i produktiv alder. Det er fødselstala som gir basis for elevtalet, men inn- eller utflytting kan få større utslag enn tidlegare. SSB sine prognosar viser no større vekst for Giske kommune ved høg nasjonal vekst og ingen innvandring, medan vi i 2002 hadde større vekst ved ingen flytting enn ved ”høg mobilitet”, m.a.o. hadde kommunen positiv fødselsbalanse. Ved høg flytting har vi vekst i motsetning til kommunar med fråflytting, som får reduksjon i folketalet ved denne modellen. Ein må merke seg at modellen har eit for lågt tal for januar 2010 då vi allereie har passert 7007 innbyggjarar i desember 2009. Dei siste to åra har folkeveksten vore på om lag 100.

I tabellform ser dette slik ut:

1532 Giske	År:	LLML	MMMM	HMH	MMML	MMMH	MMO
	2010	6955	6969	6971	6856	6971	6900
	2011	7004	7028	7047	7004	7042	6926
	2012	7043	7104	7145	7050	7134	6953
	2013	7094	7171	7224	7104	7208	6986
	2014	7134	7231	7308	7150	7275	6998
	2020	7312	7581	7829	7403	7723	7092
	2025	7425	7863	8283	7598	8108	7153
	2030	7520	8148	8760	7796	8494	7218

LLML=Låg nasjonal vekst, MMMM= Middels nasjonalvekst, HHMH= Høg nasjonal vekst, MMML= Låg innvandring, MMMH= Høg innvandring, MM00= Ingen innvandring

Tilsvarende tabell for 6-15 år ser slik ut:

1532 Giske	År:	LLML	MMMM	HHMH	MMML	MMMH	MMMO
	2010	1052	1056	1056	1052	1057	1040
	2011	1074	1075	1076	1074	1076	1061
	2012	1082	1091	1095	1082	1095	1073
	2013	1082	1090	1096	1082	1096	1068
	2014	1092	1104	1110	1092	1110	1072
	2020	1015	1053	1101	1027	1074	980
	2025	914	1011	1124	965	1050	890
	2030	852	1023	1182	960	1080	864

LLML=Låg nasjonal vekst, MMMM= Middels nasjonalvekst, HHMH= Høg nasjonal vekst, MMML= Låg innvandring, MMMH= Høg innvandring, MM00= Ingen innvandring

Den framtida ein her skal ta høgde for er innanfor eit 20 års perspektiv. Dei første åra kan ein basere seg på fødselstal og i noko grad erfaringstal når det gjeld flytting. Når det gjeld siste halvdel av perioden (2020 – 2030) blir tala meir usikre og basert på prognoser om fertilitet, inn- og utflytting. Pr dato reknar ein med auka innflytting då bompengavgifta har falle bort, men utviklinga vidare er avhengig både på tilgang på tomter og bustader i eigen kommune og utviklinga i regionen. Mangel på tilbod i nabokommunane kan gi auka vekst medan god tilgang på bustader i dei andre kommunane vil bremse tilveksten i Giske. Ein føresetnad for vekst er tilvekst i vår region.

Det er lagt til grunn at folketalet aukar som følgje av innflytting og fødselsoverskot. Om vi ser på SSB sine prognosar gir dei Giske kommune vekst, varierende for trendar m.m.. Størst kommunal vekst får vi ved ”høg nasjonal vekst”, med eit auke i folketalet fram til 2030 med 1753 (til 8760) og ved ”høg innvandring” med 1487 (til 8494). I tillegg har vi internflytting i kommunen som også vil påverke behovet for den einsskule skule.

4. Vurdering av framtidig arealbehov ved kvar skule

Skulen i framtida vil ha andre behov enn skulen vi kjenner, som er organisert med utgangspunkt i klasser med kvar sine klasserom og nokre få grupperom, og spesialrom. Behovet er meir varierte læringsmiljø med fleksible organiseringsformer, og andre læringsformer med nye læremiddel. Dette krev nye arkitektoniske utfordringar og løysingar enn dagens tradisjonelle normer. Auka kontortid for lærarane og nye organiseringsformer gjer også at det er behov for lærararbeidsplassar nært elevane sine læringsareal.

Elevane får stadig meir tid på skulen med faste opplegg for uteskule og behov for større garderobe for oppbevaring av ytterklede m.m. Informasjonsteknologien tilbyr nye læremiddel og nye arbeidsformer. Det blir vidare venta at elevane skal framføre prosjektarbeid og presentere lærestoffet for kvarandre, kanskje heile skulen. Areal for fellessamlingar blir stadig meir etterspurt noko som krev større samlingsplassar. Tilsvarande er det behov for auditorium for forelesingar med felles gjennomgang av lærestoff. Dette kan løysast ved ombygging og/eller utviding av areala. Vurderingane gjeld alle skulane.

I vurdering av framtidig behov må ein altså ha i mente læreplan og arbeidsmåtar som blir nytta i skulen. Skulane uttrykkjer ønske om meir og meir varierte romløysingar enn det som har vore standard i skulen så langt. (eit klasserom til kvar klasse og tilgang på nødvendige spesialrom og grupperom). Godøy skule, Valderøy barneskule og Valderøy ungdomsskule har tilgang på og er avhengig av idrettshallar for å kunne få tilfredsstillande gymnastikkavdeling. Skjong skule har ikkje gymnastikkavdeling.

Symjebassenga i kommunen har no ein alder på 35- 45 år noko som inneber at ”levealderen” har gått ut eller er i ferd med å gå ut. Bassenga på Vigra og Godøya vart opprusta for omlag kr 500.000 på slutten av 90-talet for å kunne vare ca 10 år til. Ein er difor på overtid når det gjeld å planleggje nytt basseng.

I 1999 vart det vedteke å greie ut behovet for basseng i kommunen men dette arbeidet var først gjort i 2006. Kommunestyret konkluderte med at det må byggast eit 25 meters basseng for opplæring og idrett saman med eit 12,5 meters helse-/barnebasseng (ekstra oppvarma). Nytt basseng er ikkje med i vedteken økonomiplan. Når det nye bassenget kjem på plass vil dagens basseng gi verdifullt tilleggsareal til skulane t.d. auditorium.

Vigra skule

Skulen fekk utarbeidd ein rapport i regi av Nordconsult AS (2007) der det blir foreslått ei omdisponering av arealet og at ein på sikt må bygge på skulen m.a. ved å erstatte vaktmeisterbustaden og legge nybygget inn til 1957-bygget med felles heis. I vurdering av skulen sitt behov i 2003 var vaktmeisterbustaden opplista som reserveareal og denne er no tatt i bruk til undervisningsføremål og reservearealet såleis fullt utnytta. I har ein to brakker for å støtte skulen sine behov. Når bassenget blir stengt kan dette rommet ombyggast til andre undervisningsføremål. Skulen har hatt vekst i elevtalet og det er behov for ei oppgradering.

I analysen er dimensjonerande elevtal sett til 245 (pr 1.10.09: 188), der ein tek høgde for naturleg variasjon i elevkulla. Rapporten påpeikar at om skulen skal dimensjonerast ”med god plass for” 210 elevar manglar det om lag 700 kvm (brutto, 450 kvm netto) – med ein kvadrat pris på kr 28.000 blir dette om lag kr 19,6 millionar.

Valderøy nye skule

Det er vedtak om å bygge ny barneskule for Valderøya som skal stå ferdig i våren 2013. Tomtekjøp og regulering skal fullførast i 2010 og arbeidet med forprosjekt/skisseprosjekt skal gå parallelt med slik at eit til hausten skal lyse ut prosjekteringskonkurranse. Prosjektering skal starte i slutten av året med frist mai 2011. Byggearbeidet skal starte i september 2011 med berekna byggetid 18 månader, innflytting mars/april 2013.

Valderøy barneskule manglar klasserom og stor mangel på grupperom og det kan bli aktuelt med mellombelse løysingar som brakker for å dekkje arealbehovet til skulen. Begge bygga er i betong som gjer ombygging krevjande og kostbar. Skulen er innstilt på å greie seg med tilgjengeleg areal i dei få åra som står igjen til den nye skulen er på plass.

Skjong barneskulen har plass til elevtalet i åra som kjem. Det ikkje plass til fleire klasser, men har plass til fleire elevar.

Valderøy ungdomsskule

Skulen har plass til elevtalet dei har i dag men allereie frå hausten 2010 vil det bli vesentleg trongare. Om elevtalet veks ytterlegare må det ei påbygging til slik at skulen får kapasitet til 4 parallellar. Dersom alle elevane i kommunen skal samlast, må arealet utvidast med minimum tre nye klasserom og tilhøyrande areal. Arbeidsrom for lærarar må også gjerast større og fellesarealet må utvidast. Det samla arealbehovet kjem litt an på korleis ei slik utviding kan løysast. Ei utviding på om lag 400 -500 kvm kan vere aktuelt. Stipulert kostnad 15 millionar.

Giske skule

Skulen har plass til forventta elev- og klassetal i planperioden. Skulen har ikkje areal for å bli ein fulldelt skule, men med bygningsmessige tiltak kan ein få plass til fleire klasser i bygget der bassenget er. Bassengrommet utgjer eit reserveareal når det vert stengt.

Godøy skule

Skulen har i utgangspunktet nok areal, men det kan vere aktuelt med omdisponeringar og eventuelt også ta i bruk reserveareal (idrettshallen). Bassengrommet utgjer eit framtidig reserveareal når det vert stengt. Ved skulen har ein plass til sju klasser. Dersom 1. - 7. klasse skal plasserast her, må ein utbetre klasserom og garderobane for fire klasser. Luftkvaliteten på 67-bygget blir no utbetra og sanitæranlegget på eit av bygga må tilpassast mindre elevar. Eldste delen på Alnes må også få tilfredsstillande ventilasjon og arbeidsplassar for lærarar. Uteområdet må utvidast og betre tilretteleggast for lek (Godøy).

5. Alternativ modellar for skulestrukturen i kommunen

Dei siste åra har det vore fleire utgreiingar der ein har sett på skulestrukturen, særleg med tanke på meir rasjonell drift og økonomisk innsparing. På 1980-talet vart det planlagt fleire små skular: grendeskule på øvre Vigra og ein ny 1-3 skule på Oksneset. Dette ville ha auka driftskostnadane for kommunen vesentleg, utan at det er grunn til å tru at læringsutbytte ville vorte betre. Ein hadde tru på at små, nærmiljøskular var eit gode i seg sjølv.

Reint økonomisk gir større skular meir rasjonell drift enn fleire små. Dette gir betre oppfylgning av klassene, færre klasser, samordning av tiltak innan spesialpedagogikk (framandspråkelege) og med det innsparing av lærarstillingar. Vidare gir færre skular reduserte administrasjonskostnader og betre hjelp og kompetanse på merkantile tenester. Større skular får lettare god fagdekning fordi det er fleire å spele på. Særleg er det ei utfordring å få faglærardekning i fleire framandspråk på mindre skular. Pr dato er det for få kvalifiserte i fransk, spansk og eventuelt andre relevante språk.

Ingen av våre skular er svært små og storleiken på våre skular vil difor vere mindre avgjerande for læringsresultatet. Her vil andre faktorar vere meir avgjerande t.d. kompetanse og dugleik hos lærarar, god leiing, læremiddel og samarbeid med foreldre. Begge ungdomsskulane har rimeleg gode resultat, med god trivsel mellom elevane. Forskjellen på avgangsresultat er liten og det varierer kva for ein skule som har best resultat.

5.1 Struktur for barnesteget

Det er barneskuletilbod på alle øyane og dette legg nemnda til grunn også for framtida.

Vigra skule er ein mellomstor skule med om lag 190 elevar fordelt på ein til to parallellklassar. Ein reknar med ein vekst i elevtalet på sikt og skulen har behov for større areal, sanering av eksisterande bygg og eit visst investeringsbehov, inntil 20 millionar.

Valderøy barneskule har om lag 300 elevar med ein til tre parallellar. Skjong barneskule er ein mindre skule med om lag 100 elevar, og ville hatt fire store klasser men har organisert elevane i noko mindre aldersdelte grupper. Om Valderøy og Skjong barneskular hadde vore organisert som ein skule ville ein ha spart to klasser. Her er det vedteke ny struktur, og ny skule er under planlegging og ein vil få driftsinnsparingar med meir rasjonell klassestruktur. Den nye skulen

vil få mindre areal og lågare driftskostnader enn to skular. Investeringsramma er sett til kr 160 millionar. Samla reknar ein med om lag 3 millionar i årleg innsparing på drifta.

Giske skule er ein fådelt skule med 75 elevar, men ein ventar auke i elevtalet i åra som kjem. Når (om) gamleskulen blir tatt ut av bruk må mellombygget få ei opprustning og tilpassast betre skulen sine behov. Dette blir ei mindre investering.

Ved Godøy skule er barnesteget delt med småsteget på Alnes der det er 58 elevar, mellomsteget (Godøy) har 41 elevar (fådelt) og ungdomssteget 77 elevar (frå Giske og Godøy). Dei seinare åra har elevtalet gått ned men også her må ein rekne med auke. Det er behov for investeringar for å oppgradere delar av bygget, uavhengig av strukturen. Om ein beheld dagens organisering må ein oppgradere Alnes med ventilasjon og lærararbeidsplassar, stipulert til kr 3 millionar, og 67-bygget på Godøy må ombyggast for å få meir tenelege rom, stipulert til 2 millionar.

Alternativ for barneskulen på Godøya – konsekvens av å samle ungdomssteget til ein skule. Dersom ein vel ein ungdomsskule for kommunen og samlar barnesteget på Godøya vil skyssutgiftene bli reduserte (berre 1. klasseelevane på Alnes har rett til skuleskyss) og bygget på Alnes kan takast ut av drift. Årlege innsparingar i driftsutgifter på bygg og skuleskyss vil ligge på om lag kr 600.000. Dei åra elevtalet gjer skulen ”fådelt” kan det gjerast organisatoriske innsparingar om heile barnesteget er under eitt tak, men med fulldelte klasser utgjer ikkje ulik lokalisering forskjell i klassetal. Pedagogisk og administrativt vil det utan tvil vere ei styrking å samle barnesteget med forenkling (effektivisering) og innsparingar når det gjeld administrasjon og utstyrsbehov. Skulen har areal til ein 1-7 skule, men må oppgradere eldste delen og betre garderobeforholda for småskulen. Alnes har unike kvalitetar i nærområdet, men også ved Godøy skule er det gode nærområde til uteskule m.m. Samla kan årleg innsparing bereknast til minst kr 700.000. I tillegg kjem eventuelle framtidige oppgraderingar av bygg og utstyr på Alnes.

5.2 Alternative modellar for ungdomssteget

Etter siste strukturendring i skulen har kommunen no to ungdomsskular, Valderøy ungdomsskule for Vigra og Valderøya, og Godøy skule for Giske og Godøya. Ved å samle ungdomssteget for Giske og Godøya sparte ein om lag 1 millionar kroner i årlege driftsutgifter og oppnådde ei styrking av elevgrunnlaget med godt fagleg resultat. Erfaringane med denne endringa har vore gode, økonomisk, sosialt og skulefagleg.

Ein skule gir den mest økonomiske drifta med tanke på tal på klasser, administrativ og arealmessig utnytting. Med auka krav til lærarkompetanse og større breidde i tilbod av t.d. fleire framandspråk gir det også faglege og pedagogiske fordelar.

Det skjer no ei sterkare spesialisering av lærarutdanninga slik at allmennlærerutdanninga vert todelt: ei utdanning for lærarar i 1-7 klasse og ei utdanning for 5-10 klasse. Lærarar på ungdomssteget skal ha kompetanse i tre undervisningsfag, faga er valfrie. Frå 1.01.08 er det på ungdomssteget krav om minst eit års utdanning i faga norsk, matematikk og engelsk. Vidare blir det lagt opp til at skulane skal kunne gi tilbod i fleire framandspråk. Begge ungdomsskulane gir i dag tilbod både i tysk og spansk. Enkelte år har det vore gitt tilbod i fransk. For å gi tilbod i fleire framandspråk må skulen både ha faglærarar og nok elevgrunnlag.

5.2.1 To ungdomsskular - dagens modell

Begge ungdomsskuletilboda i kommunen fungerer godt, har godt skulemiljø med gode faglege resultat.

Valderøy ungdomskule får vesentleg auke i elevtalet frå hausten 2010 og går då mot full utnytting av dagens areal. Skulle elevtalet stige slik at det blir fire parallellar må skulen utvidast. Med dagens elevtal vil ikkje dette skje med det første. Det kan likevel bli aktuelt å sjå på mindre tiltak eventuelt ombygging av eksisterande areal. Begge skulane brukar idrettshallane som ligg på eller nær skulebygga og er nødvendige for å gi tilfredsstillande opplæringstilbod, særleg innanfor kroppøving. Godøy skule leiger i tillegg klasserom i idrettshallen (på grunn av stor klasse), men har areal til dagens 4.-10. klasser ved ei tettare utnytting. Vidare kan symjehallen takast i bruk til vanleg undervisningsareal ev. auditorium når det blir behov for det. Kostnaden med ombygging er ikkje berekna men vil truleg ikkje vere vesentleg. Tilsvarande kan gymnastikkavdelinga ved Valderøy ungdomsskule også brukast som reserveareal om nødvendig eller ynskjeleg.

5.2.2 Ein ungdomsskule - ny modell

Denne modellen er den økonomisk mest rasjonelle og avstandane i kommunen gjer at ei slik strukturendring kan gjennomførast utan altfor store utfordringar. Dei fleste nabokommunane på vår storleik har berre ein ungdomsskule. Dersom ei slik endring skal gjennomførast må det investeringstiltak til. Den rimelegaste løysinga er å bygge på Valderøy ungdomsskule, med ein kostnad på om lag 15 millionar.

Alternativet er å bygge ein heilt ny skule om ei anna lokalisering skulle vere ønskjeleg, t.d. på Ytterland. Det vil innebære ei spreing av skulane på Valderøya og det ligg då ikkje til rette for fellesbruk av idrettshall, symjehall og liknande utan vesentlege transportkostnadar og tidsbruk. Arbeidsgruppa har difor konkludert med at dette alternativet blir vesentleg dyrare, om lag 170 – 200 millionar kroner. Investeringskostnadane saman med auka infrastruktur og skyss kostnader gjer dette alternativet mindre aktuelt.

Elev- og klassetal for dei ulike årskulla blir som følgjer:

	Fødselstal pr år (2010-2011)																	
ÅR	92	93	94	95	96	97	98	99	00	01	02	03	04	05	06	07	08	09
Vigra	25	21	14	30	31	30	24	31	20	30	25	28	31	30	19	27	19	26
Valderøy b	27	31	27	35	32	37	28	43	29	32	34	32	30	30	27	31	20	30
Skjong	25	22	19	19	23	22	20	28	24	27	19	27	17	24	23	21	17	19
Giske	6	9	8	15	11	11	12	14	6	7	14	11	9	14	8	15	6	11
Godøy/Alnes	21	14	12	19	12	18	12	11	16	20	10	12	10	10	6	20	14	17
Ein u.skule	104	97	80	118	109	118	96	127	95	116	102	110	97	108	83	113	76	103
Klassetal ein skule	4	4	3	4	4	4	3	5	4	4	4	4	4	4	3	4	3	4
Klassetal to skular	4	4	4	5	4	4	4	5	4	4	4	4	4	4	4	5	3	4

Delingstalet er 30 i ungdomssteget, dvs. det blir deling på 31, 61, 91 og 121 elevar. Om ein samanliknar denne tabellen med rapporten frå 2003 ser ein at elevtalet har auka med 82 elevar samla for årskulla 1992-2002, dvs 7,45 pr år: Vigra +16, Valderøy +44 og Skjong +11, Giske +14 og Godøy -1. Usteget i 2010-2011 er fødde i 1995-1997.

Når ein samanliknar klassetal for ein ungdomsskule samanlikna med to (dagens modell) må ein merke seg at ei klasse meir i eitt årskull har konsekvensar for tre skuleår. Av tabellen ovanfor går det fram at det er fire årskull (med dagens elevtal) der det blir fleire klasser med dagens modell enn for ein ungdomsskule.

For inneverande skuleår ville ein ungdomsskule gitt innsparing på ei klasse, noko som tilsvarar ei årleg innsparing på om lag kr 1,1 millionar, basert på rapporterte GSI tal. ”Klassetal” treng i denne samanheng ikkje bety at skulane faktisk organiserer t.d. 34 elevar i to klasser, eller 65 i tre klasser. I denne summen er det i underkant av om lag 2 lærarstillingar som følgje av færre klasser. I tillegg greier ein større skule å samordne spesialpedagogiske tiltak, rådgjevingstilbod m.m. slik at dette også gir innsparing. Denne innsparinga er ikkje tatt med i reknestykket. Også administrasjonskostnader går ned og blir kan effektiviserast med merkantilt kvalifisert personale. Skysskostnadane går opp. Skyssen for Giske-elevane blir uendra men Godøy-elevane har i dag ikkje skyss og medfører ein kostnad på om lag kr 300.000 årleg (basert på dagens takstar – elevtalet varierer frå 26 til 47 i perioden men det er rekna for 50 elevar for å ta høgde for noko innflytting). Konklusjonen er at ein kan rekne med at driftskostnadane for ein skule ligg om lag kr 1 million lågare for ein ungdomsskule samanlikna med to, og i tillegg kjem innsparing ved å samle barnesteget på Godøy med kr 700.000 – samla om lag kr 1,7 mill. Kostnader med auka investeringar er ikkje medrekna men er ein del av totalbildet økonomisk.

Påbygg til Valderøy ungdomsskule kan stipulerast til kr 15 millionar. Statlege tiltakspakkar har dei siste åra gitt kommunane rentefritak på skulebygg i 8 år, men ein kan ikkje rekne med slike i denne samanheng då kommunen sine byggeplanar går langt over det ein kan forvente med slike pakkar.

6. Oppsummering - svar på mandatet

For barnesteget ser ein dagens struktur som naturleg og høveleg, med ein barneskule på kvar øy, dvs ein ny skule på Valderøya. Utover dette kan det bli aktuelt med samling av barnesteget på Godøya om kommunestyret går inn for å samle ungdomssteget til ein skule. Dette vil gi ei innsparing på om lag kr 700.000, og vidare blir det ei forenkling og effektivisering i administrasjon og drift som også kan ha fagleg-pedagogiske fordelar for elevane.

Held ein fast på to ungdomsskular vil barnesteget på Godøya vere delt med småsteget på Alnes som i dag.

På ungdomssteget er det følgjande alternativ

Alternativ 1 Dagens struktur

Dette alternativet krev ikkje straksinvesteringar. På sikt kan det bli aktuelt å bygge på skulen men med dagens fødselstal vil dette ligge noko inn i framtida. Det kan bli aktuelt å gjere oppgradering av gymnastikk- og heimkunnskapsavdelingane i løpet av nokre år. Om ein vil ta i bruk ”reserve-areala” i symjehall og eventuelt gymnastikkavdelingane medfører dette investeringar.

Fagleg fungerer skulane godt med rimeleg gode resultat. Det er ikkje store utfordringar med rekruttering av kompetanse, men å gi eit breiare tilbod i framandspråk er ei utfordring for begge skulane.

Alternativ 2 Ein ungdomsskule – påbygg på Valderøy ungdomsskule

Valderøy ungdomsskule har ikkje kapasitet til å ta imot alle elevane i kommunen men må byggast på for om lag 15 millionar om dette alternativet blir valt. Det er plass og ligg til rette for ei slik utbygging på skulen sitt område, men korleis det eventuelt skal skje må planleggast grundigare. Dette vil også krevje ei forskriftsendring når det gjeld skulestruktur som må ut på høyring. Ei slik omlegging vil ta eit par år å få på plass på ein god måte.

Fordelane med ein skule er styrking av elevgrunnet for å kunne gi breiare tilbod i t.d. framanspråk. Vidare gir det ei årleg effektivisering og innsparing i drifta. På den andre side aukar skyssutgiftene, kostnaden med Giske elevane er i hovudsak uendra medan skyss av kostnaden med Godøy elevane kjem på om lag kr 280.000 årleg.

Storleiken på innsparinga vil kunne variere etter kor effektiv klassestruktur ein får. Ein sparer administrasjonsressursar og på diverse funksjonar som rådgjevar, sosiallærer og miljøarbeidar. Erfaringsmessig er det lettare å samordne spesialpedagogiske tilbod på ein større skule, med reduserte kostnader som resultat og ein sparer investeringar i utstyr. Ressursforbruket til støttetiltak og spesialundervisning går markant ned på Valderøy ungdomsskule i høve til summen Valderøy barneskule og Vigra skule har brukt. Ein tilsvarande effekt kan ein rekne med ved å samle ungdomssteget.

Innsparinga vil kunne variere frå kr 1,0 til 2,5 millionar, avhengig av elevtal og klassestruktur. Om ein samanliknar klassetalet (delingstal på 30, ikkje lovfesta) finn ein at kommunen med ein ungdomsskule sparar ein klasse inneverande år, så ingen klasser dei neste 7 åra, ei klasse og to klasser dei siste 3 åra. Ei klasse utgjer om lag to stillingar som blir kr 1 millionar og to klasser 2 millionar. Det må leggast til at delingstalet ikkje er absolutt men at det skal vere rettleiande i tildeling av ressursar. Flytting kan endre utrekninga då det er ein del klasser nær delingstalet.

Alternativ 3 Ein ungdomsskule – ny ungdomsskule

Dette er utan tvil det dyraste alternativet når det gjeld investeringar. Vidare vil ein med ei ny lokalisering misse fellesbruk av idrettshall og ein framtidig symjehall, og med det gi redusert tilgang eller auka driftsutgifter til skyss i skuletida. For dette alternativet sparer ein utbygging av ny barneskule på Valderøya, som då tek i bruk Valderøy ungdomsskule til barneskule. Det vil truleg bli aktuelt med noko tilpassingar i bygningsmassen, men den største kostnaden blir oppgradering av 1959 bygget ved Valderøy barneskule som er berekna til 60-70 millionar (2007). Samla investering med dette alternativet vil då kome opp i 240-260 millionar eller endå meir avhengig av kostnadar med tomt og infrastruktur. I kommuneplanen er det ikkje sett av areal til skule anna enn på Valderhaug, i tillegg til arealet som også var i den tidlegare kommuneplanen på Oksneset. Om dette alternativet skulle bli aktuelt må ein utgreie dette grundigare med nødvendig reguleringsarbeid.

Konklusjonen blir trekt i siste møte og eventuelt skrive direkte inn i kommunestyresaka.